

Abrahamsen, Jardar Eggesbø. 2005: Svar frå doktoranden Jardar Eggesbø Abrahamsen. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 2/2005. Oslo: Novus Forlag, 254–266.

## Svar frå doktoranden Jardar Eggesbø Abrahamsen

### 1 Innleiing

Eg vil takka Gösta Bruce og Tomas Riad for interessante og kritiske, men samstundes venlege opponentinnlegg under disputasen den 10. oktober 2003. Avhandlinga mi hadde både gode og mindre gode sider, og inneheldt sjølvsagt ein del barnesjukdommar. Opponentane var nøgne med å peika på både det som var bra og det som var mindre bra. Eg tykkjer det er viktig at avhandlinga mi ikkje får stå ukorrigert på dei veike punkta sine, og eg er difor takksam for at redaksjonen til Norsk Lingvistisk Tidskrift sa ja til å prenta innlegga frå disputasen.

Denne versjonen av svara mine til opponentane er basert på dei skriftlege manuskripta frå opponentinnlegga. Av ulike grunnar vart ikkje dei skriftlege versjonane av opponentinnlegg og svar ferdige før nær to år etter disputasen, og dei ber noko preg av det.

Til terminologien skal berre kommenterast at der opponentane bruker termen *villkor*, har eg brukt termen *føring*. Til samanlikning har Molde (2005) brukt *betingelse*. Den etablerte termen på engelsk er *constraint*, og vert innanfor optimalitetsteori brukt om dei individuelle retningslinene for korleis eit gjeve språk bør oppføra seg. Desse føringane kan brytast dersom høgare rangerte føringar dermed kan bergast.

### 2 Svar til førsteopponent Gösta Bruce

#### 2.1 Det prosodiske hierarkiet

Førsteopponenten refererer at fokus i ytringsintern posisjon i den aktuelle dialekten best vert signalisert gjennom ein kombinasjon av ekstra låg grensetone til høgre i den fokale aksentfrasen og ein ekstra høg tone i den første postfokale aksentfrasen. Det vert sett på som eit paradoks at den eine delen av fokusmarkeringa dermed ligg i neste konstituent.

Eg er usamd i at dette er paradoksalt, men er samd i at det kunne ha vorte utdjupa i avhandlinga. Ei utdjuping ligg m.a. føre i Abrahamsen (2006). Det viktigaste poenget er nok at det tilsynelatande paradokset er mest gyldig dersom ein har eit fonetisk utgangspunkt og reknar med at fonologiske eigenskapar ved ein gjeven konstituent naudsynleg må markerast fonetisk i den konstituenten åleine. I avhandlinga ser eg denne

ekstra høge tonen i neste konstituent som eit utslag av at me får eit nytt neddriftsområde, som dermed må få eit nytt høgt startpunkt. Med nytt neddriftsområde må naudsynleg førre IP (intonasjonsfrase) ha teke slutt, noko som vil verta opplevt som at me har hatt noko fokalt.

Førsteopponentens referanse til austlandsk er sjølv sagt både korrekt og illustrerande for det problemet som han tek opp: I austlandsk vert fokus markert heilt til høgre i den fokale aksentfrasen, og ikkje i neste aksentfrase, det er rett. Likevel er det interessant at i grensesnittet mellom fonologi og pragmatikk er det det ordet som er representert med trykkstavinga heilt til venstre i aksentfrasen, som får fokus signalisert gjennom ein ekstra høg tone som gjerne ligg mange stavingar og mange ord lenger mot høgre i aksentfrasen (Nilsen 1992: 29f og passim). Det ordet som er eksponent for fokus, vert altså ikkje i seg sjølv fonetisk markert for fokus. Men held me oss til det reint fonologiske nivået, vil sjølv sagt fokusmarkeringa framleis skje innanfor den fokale konstituenten, i alle fall tonalt sett.

For dersom det metrisk sett er eit prosodisk ord eller ein fot som er domene for fokalitet (jf. at trykkstavingar ikkje er isolerte einingar, men vert rekna som ein nærare spesifisert del av ein metrisk fot, der det er foten som utløyser trykket), då er det sjølv sagt òg interessant at fokalitet i austlandsk kan verta markert fleire føter og ord til høgre for det elementet som er fokalt.

At prominens generelt (t.d. primærtrykk) kan fordela kjenneteikna sine med referanse til systerkonstituentar på eitt og same nivå, er òg kjent frå før, sjå t.d. Lorentz (1995). Såleis ser me òg at Nilsen (1992: 91f) rapporterer om ein trøndersk parallell til den sunnmørske situasjonen (om enn med ein generelt noko annleis tonalitet, sidan trøndersk og austlandsk er lågtonedialektar, medan sunnmørsk er ein høgtonedialekt): I motsetnad til aksentfrase-intern markering av fokalitet i søraustlandsk finn me i trøndersk at det venta ekstra høge nivået ikkje treng dukka opp inne i den fokale aksentfrasen, men derimot kan dukka opp fremst i neste aksentfrase, dvs. ikkje eingong innanfor den IP-en (intonasjonsfrasen, som er nivået over) som den fokale aksentfrasen sorterer under.

I samband med replikken frå Åge Hareide tek Bruce opp eit interessant problem for korleis IU-en skal analyserast. Eg vil seia at premissane er feil, her er det ikkje éin, men tre IU-ar: Det var ein MATSJ + som trass i at det REGNA + heile tida var BRA; og i det andre tilfellet: Det var ein MATSJ + som trass i at det REGNA heile tida + var BRA.

At eg ville ha operert med tre IU-ar her, kjem ikkje berre av at den andre IU-en vil enda på ein høg IU-grensetone, men òg av at IU-ar visseleg har ei slik «koherenssignalering tonalt inom enheten» som Bruce etterlyser: I overgangen mellom to IP-ar internt i same IU vil den andre IP-en starta det nye neddriftsområdet frå eit svært høgt nivå, som kommentert over. Når ein ny IU tek til, vil den nye neddrifta ikkje starta frå det same ekstra høge nivået. Dette burde ha vore presisert i eitt av underkapitla om IU i avhandlinga, men var det ikkje. Replikken frå fotballtrenar Hareide ville eg, som kjem frå ein av nabokommunane, ikkje ha uttala med slikt ekstra høgt startpunkt etter kvar IP-grense, og dette indikerer at me har IU-grenser.

Det er fullt mogeleg å uttala Hareide-replikken som éin IU, om det enn vert vanskeleg å prosessera informasjonsstrukturelt (pragmatisk). Men dette vil då få ein annan tonalitet, og dermed ein annan analyse, enn den replikken som Bruce hørde av Hareide.

At eg bryt med Strict Layer Hypothesis (t.d. Selkirk 1990:195; Roca 1994:195f), tek eg sjølv utførleg opp i avhandlinga (s. 141f). Innanfor metrisk fonologi har det lenge vore god kutyme å operera med ekstrametriske element (t.d. Goldsmith 1990:205f og Hayes 1995:56f), og med god grunn. Det kan henda at å bryta med SLH ikkje er elegant, men i våre tonale analysar ville det nok ha vore endå mindre elegant å operera med ulike domenetypar på det same nivået i det prosodiske hierarkiet. For å unngå dette kunne me jamvel risikera å utvida hierarkiet med eit ukjent tal nye nivå som det ikkje eingong finst fonologisk evidens for, jf. Ladd (1998:240f).

På bakgrunn av lyttetesten vert det i opposisjonen presentert ei undring over kor tydeleg skilnaden er mellom dei to neddriftstypene. I samband med dette vil eg gjerne gå attende til innleiinga frå opponenten. Der vert det nemnt at eg har basert meg på introspeksjon, men òg har med «fonetiska inslag i form av talperceptionstest». Det er nok berre ulike synsvinklar som gjer at eg vil modifisera denne karakteristikken. Persepsjonstesten er visseleg gjennomført ved fonetisk manipulasjon av grunntonefrekvensen, men studieobjektet er likevel den fonologiske interpretasjonen av desse manipulasjonane.

Manipulasjonane har m.a. resultert i at nokre av talesignala truleg aldri ville ha vorte genererte av ein innfødd grammatikk hjå ein ordinær informant. Den faglege bakgrunnen for å inkludera slike talesignal i forsøket er det generative synet at jamvel talesignal som ikkje er gram-

matisk velforma i eit gjeve språk, vil verta tolka i lys av dei grammatiske strukturane som det persiperande individet er eksponent for. Som fonetisk studie vil ikkje persepsjonstesten min halda mål, m.a. fordi han har altfor få informantar til ein påliteleg kvantitativ analyse. Eg seier meg difor samd i at testen i staden må sjåast som ein pilotstudie, og då ein pilotstudie som kan seia oss litt, men ikkje mykje, om tendensar i den *fonologiske* interpretasjonen. Og interpretasjonen er berre éin del av den grammatiske kompetansen.

Dermed er det rett å undra seg over dei to neddriftstypene. Lyttetesten gjev ikkje noko fullt ut eintydig svar, og det ville vera overraskande om han gjorde det. Sidan testen fokuserer berre på interpretasjon, sidan manipulasjonane hadde etter måten vilkårlege intervall, og sidan talesignala kunne innehalda andre signaliseringsmekanismer enn dei reint tonale (sjå drøftinga s. 83f i avhandlinga), kan ein openbert ikkje basera seg berre på lyttetesten i dette tilfellet. På ei anna side er det sjølv sagt ein veikskap at ein berre har min introspeksjon å stø seg til elles, men ei ytring med «feil» neddriftstype i IP nr. 2 ville bryta med mine produksjonsintuisjonar, og ville høyrast merkjeleg ut. I dei finale tilfella med svært små grunntoneutslag i fokal posisjon er nettopp neddriftstypen med på å signalisera fokalitet, men det er ein mangel ved testsignala at dette ikkje var ein av dei aktuelle variablane.

Når det gjeld den finale stinginga (H%), vil eg visa til s. 96ff i avhandlinga, der det vert presisert at denne kjem føre ved finalt fokus, men då avhengig av pragmatiske forhold. Dette burde ha vore presisert ved lyttestane òg.

Bruces framlegg om at det ikkje er skilnad mellom fokale og ikkje-fokale aksentar i sunnmørsk, finn eg interessant: Det kunne like gjerne vera *posisjonane* som avgjer om noko vert opplevt som fokalt eller ikkje, t.d. at ein final aksentfrase i ei ytring utan andre fokusmarkeringar automatisk vil verta opplevd som fokal (Abrahamsen 2006). Me kjem likevel ikkje forbi at det nettopp er den finale tonehøgda i den finale aksentfrasen som skil mellom fokus og ikkje-fokus i figur (2.4.12) mot (2.4.13) i avhandlinga, og i (4.1.9) mot (4.1.10).

## 2.2 Tonelaga

Drøftinga til førsteopponenten om ontologien til tonelaga føyer seg inn i ein lang tradisjon som opponenten sjølv gjer greie for. Eg hevdar på mi side at når trykkplasseringa og metrikken elles vert verande som dei er

(jf. presens [<sup>1</sup>skri:ve] mot infinitiv [<sup>2</sup>skri:ve]), så ventar ein ikkje at ein metrisk lisensiert tone skal forskuva seg mot høgre (i tonelag 2) og bort frå domenekanten og den metriske konstituenten som han har referansen sin i, med mindre det er noko anna (ein annan tone) som pressar tonen i den retninga ved å koma mellom tonen og domenegrensa. At eg ikkje har vore i stand til å finna slike upressa forskuvingar elles i litteraturen, kan sjølvstund ikkje takast som meir enn *indisium* på at ei slik forskuving som Bruce er talsmann for, kan vera problematisk. Dette spesifikke poenget frå mi side er i alle fall ikkje det sentrale i drøftinga av tonelagsontologien (avhandlinga s. 165ff), hovudvekta ligg på intonasjonsfonologiske indisium.

Det vil nok vera rettast å seia at drøftinga mi i avhandlinga er meir eigna til å problematisera analysen i Bruce (1998: 45–46) enn å avkrefta han. Detaljane i drøftinga skal eg ikkje repetera her, men eg vil seia meg samd med førsteopponenten i at det er vanskeleg «att med sikkerhet identifera ordaccenterna frå en tonkurva utan segmentella referenser». Grunnen til dette seier seg sjølv: Ei tonekurve vil fonetisk sett berre innehalda toppar og botnar, og sjeldan noko anna (med unntak av spesialtilfelle som t.d. nedsteg/downstep, dvs. to høgtonar etter kvarandre, der den andre er fonetisk noko lågare enn den første). Når ein fonetisk sett berre har toppar og botnar å forhalda seg til, kan ein seia lite om den fonologiske bakgrunnen for at dei toppane og botnane er der dei er.

Dersom ein derimot tek med t.d. trykk og stavingar, vert biletet meir oversiktleg, med ytre referansar å relatera tonane til. Om tonerørslar i samband med primærtrykk (dvs. tonelag 1 og tonelag 2) skal kunna analyserast fonologisk, må ein sjølvstund sjå desse tonerørslene i samanheng nettopp med trykket, noko som igjen krev at me identifiserer stavingane og gjerne fleire prosodiske og segmentale nivå òg. Dei fonetiske tonekurvene seier ikkje i seg sjølve noko om korleis dei tonane er fonologisk lisensierte.

Difor har eg problem med framhaldet til førsteopponenten om at ein skulle venta å kunna identifisera ordaksentane (tonelaga) utan segmentale referansar, «om tonelagen har en olikhet i tonal komposition». Me kunne venta det dersom ulike fonologiske lisensieringsinstansar gav eintydige ulike fonetiske realiseringar, men slik er det altså ikkje: Ein lågtone ser ut som ein lågtone, anten det er det eine eller det andre som lisensierer han.

Ein veikskap ved disposisjonen i dømesamlinga i kapittel 4 vert påpeikt der førsteopponenten nemner at mitt døme (4.1.5) har tonelag 1 i

final og fokal posisjon, medan (4.2.3) har tonelag 2 i medial og ikkje-fokal posisjon, «en skillnad som inte är kontrollerad för». For oversynet sin del vil eg nemna at komplementære døme finst i (4.2.4) (tonelag 2, finalt, fokalt) og (4.3.1) (tonelag 1, mediant, ikkje-fokalt). Døma indikerer at skilnaden ikkje har «någon betydelse för sakfrågan», men dette er ikkje eksplisitt drøft eller analysert i avhandlinga.

### 2.3 Samansette ord

Eit tonelag 2-domene (t.d. det isolerte ordet *jentene*) vert i sunnmørsk uttala med tonefølgja LHL. Samansette ord med trykkforskuving har òg tonesekvensen LHL, men no med tonelag 1 og med H plassert i den nye trykkstavinga. Grunnen til at eg har analysert trykkforskuvinga i samansette ord nettopp som trykkforskuving og ikkje som eit spesialtilfelle av tonelag 2 med høgreforskuva H, er at dei to sekvensane av LHL oppfører seg ulikt i visse prosodiske situasjonar (overgang til HHL for tonelag 2, i tillegg til identifisering av IP-dominert H til venstre i IP nr. 2, noko som ikkje finst ved tonelag 1 i den same posisjonen til høgre for dette IP-dominerte området, sjå s. 189 i avhandlinga). Då vil *jentenivået* (med primærtrykk på stavinga *vå*) oppføra seg tonalt identisk med eit ord som eintydig har tonelag 1, noko *jentene* ikkje gjer (ein referanse utanom avhandlinga er Abrahamsen 2005).

Denne tonelag 1-åtferda gjeld òg der det samansette ordet er på tre stavingar (*grågåsa, blodmaten*), og det er difor problematisk å analysera det som berre eit perseptuelt «intrykk av større framhävning på den andra stavelsen i det trestaviga än i det tvåstaviga ordet». Det er likevel ikkje umogeleg at eit slikt perseptuelt inntrykk, eller kanskje snarare ein fonologisk implementasjon av det, kan vera ein del av grunnlaget for den fonologiske handsaminga av slike trestavingskonstruksjonar (og konstruksjonar med fleire stavingar). Ein kan med rette ønskja seg ein analyse av den hypotesen, og andreopponenten har eit innspel i denne samanhengen som eg vil kommentera noko nærare i avsnitt 3.2 under.

## 3 Svar til andreopponent Tomas Riad

### 3.1 Typar av tonelagstildeling

Andreopponenten innleier med skiljet mellom leksikalsk og morfologisk avhengig tonelag, og nemner i ein note at denne skilnaden ikkje er stor.

Han har sjølvsagt rett i dette. I avhandlinga har eg stundom nytta termen *morfoleksikalsk tone* om den tonen som etter min analyse utgjer det ekstra tonale materialet som tonelag 2, men ikkje tonelag 1, har, men det leksikalske aspektet ved dette kunne nok ha vore framheva betre.

Samstundes viser andreopponenten til førekomstar av tonelag 2 i situasjonar som i eit leksikalsk- fonologisk perspektiv må vitna om postleksikalske prosessar. Dette dreier seg først og fremst om samansette ord, som har obligatorisk tonelag 2 både i Vestvågøy-dialekten og i svenske dialektar. Dette systemet vik jo noko av frå det me finn i sunnmørsk og søraustnorsk, der tonelaget i samansetjingar ser ut til å vera avhengig av leksikalske eigenskapar ved førstelekkken (Kristoffersen 1992). Eg må vedgå at i tillegg til at dette er ei avhandling først og fremst om intonasjon, ikkje primært om tonelag, så er det nok ein endå meir banal grunn til at denne sida av tonelagstildelinga ikkje er drøft: I ein norskspråkleg samanheng, med søraustnorsk talemål som i praksis normdannande, har det rett og slett ikkje falle meg inn å fokusera på postleksikalsk tonelag 2. Særleg har det vorte slik fordi avhandlinga har konsentrert seg om sunnmørsk, som til overmål har den same tonelags-vekslinga for samansette ord som søraustnorsk (om me ser bort frå at tonelag 2 gjerne vert realisert som etterlekkstrykk). Det «avvikande» systemet som me kjenner frå både sentralsvensk og Vestvågøy (obligatorisk tonelag 2 i samansette ord), vil i den samanhengen få ein ufriviljug status som «marginell», for å bruka andreopponentens ord.

Andreopponenten viser likevel til eit fenomen i sunnmørsk som kan ha mangt sams med dette svenske og nordnorske systemet: tonelag 2 ved partikkelverb (i sunnmørsk er også det tradisjonelle vestlandske systemet med primærtrykk på partikkelen tillate, systemet med tonelag 2 er eit nyare fenomen i dialekten). Eg har sjølv observert (s. 198 i avhandlinga) at slike konstruksjonar i sunnmørsk oppfører seg metrisk (og tonalt) som samansette ord med tonelag 2: med to stavingar vil me kunna få tonelag 2 og trykk på den første stavinga (partikkelverb: <sup>2</sup>*slo ned*, jf. <sup>2</sup>*blodmat*), med fleire stavingar får me etterlekkstrykk (partikkelverb: obligatorisk primærtrykk på partikkelen og ikkje på verbet, *leite* <sup>1</sup>*opp*, jf. *leige* <sup>1</sup>*bil*). Når noko slikt opptrer i konstruksjonar som er sette saman av to separate ord, kan ein vanskeleg koma unna at den «leksikalske» tonen i tonelag 2 visseleg kan vera «prosodiskt inducerad», uavhengig av dei leksikalske eigenskapane til røter eller affiks.

Frid (2001) legg det prosodiske domenet for samansette ord (i svensk) til den klitiske gruppa, eit domene som elles, som namnet indike-

rer, er etla til gruppering av einingar som morfologisk sett ikkje høyrer til det same ordet. At partikkelverb (morfologisk sett to ord) og samansette ord (morfologisk sett eitt ord) oppfører seg metrisk identisk i sunnmørsk, er med på å byggja opp under Frids analyse, og dermed byggja opp under at indusering av «leksikalsk» tone kan ha eit metrisk grunnlag sjølv der det leksikalske grunnlaget ikkje skulle vera til stades.

Samstundes kjem ein heller ikkje unna at i sunnmørsk er det berre partikkelverba som kan få tonelag 2 på denne måten, medan dei samansette orda framleis vil variera mykje i kva tonelag dei får. Partikkelverba er likevel med på å avdekkja det metriske grunnlaget for tonelagstildeling, der eg i avhandlina har konsentrert meg om det leksikalske grunnlaget (og herunder det morfologiske grunnlaget i form av tonale bøyingsmorfar).

### 3.2 Etterlekkstrykk

Andreopponenten gjennomfører ein interessant analyse. I min eigen analyse har eg altså teke utgangspunkt i forskuving av det metriske trykket, som igjen fører med seg visse tonale ovringar. Så finst det då òg nettopp metriske grenser for korleis primærtrykket kan flytta seg: Det kan ikkje flytta seg til høgre for ein midtlekk (i eit ord med tre lekkar) som inneheld ein syllabisk binær fot. At den metriske komponenten kan flytta seg på ein slik måte at trykkstavinga vert monomoraisk (kort), kan forsvarast ut ifrå kva metriske føter som kan finnast.

Ikkje noko av dette er likevel i vegen for analysen til andreopponenten. Han ser føre seg at det er det tonale som flytter seg, og at det er dette som fører til omtolking både av dei metriske forholda og av det resterande tonale materialet, som elles oftast vil sjå tonalt identisk ut for tonelag 2 og etterlekkstrykk (på overflata: LHL-kontur). Med slike omtolkingar kan ein framleis forklara skiljet mellom tonelag 2 og etterlekkstrykk i tonale kontekstar der desse to openbert oppfører seg som om dei er tonalt ulikt bygde opp, og ikkje har den same overflatekonturen, jf. avsnitt 2.3 over.

I avhandlina finst det jamvel slikt som byggjer opp under analysen til andreopponenten. På s. 160 finst det to tonekurver. Den første av dei har to primærtrykk. Den andre tonekurva er ein tonalt manipulert variant av den første, ho er ugrammatisk, men vert oppfatta som å ha tre primærtrykk, trass i at det ekstra trykket som kom, har landa på ei einsleg, monomoraisk staving som var trykklett i originalen (ordet *var*), før den neste stavinga har primærtrykk igjen (som i originalen). Posisjonen til

dette innmanipulerte trykket kan ikkje eingong utgjera ein fullverdig metrisk fot. Om ikkje anna, viser dette at tonale fenomen kan ha metriske implikasjonar. Det som skil denne manipulerte kurva frå alle døma med etterlekkstrykk, er at dei sistnemnde er grammatiske, og kan produserast av ein sunnmørsk morsmålskompetanse. Det kan vera fleire grunnar til denne skilnaden, men noko som er heilt openbert, og som òg er hovudpoenget med det manipulerte dømet på s. 160, er at denne tonale manipulasjonen *opprettar* eit nytt trykk i tillegg til dei som finst i innputt (den underliggjande forma), noko døma med etterlekkstrykk ikkje gjer.

Ein kan dermed godt sjå føre seg at etterlekkstrykk handlar om ei forskuving av den metriske prominensjonen, og at dette inneber både metriske og tonale omtolkningar for å stetta dei viktigaste føringane i grammatikken. Dermed vil me på overflata få tonelag 1 på ein etterlekk heller enn tonelag 2 på ein førstelekk, men framleis med tonelag 2 på førstelekken som underliggjande form.

Det eg har gjort i avhandlinga, er å etablera korleis overflateforma kan analyserast, og eg vil takka andreopponenten for eit interessant innspel om dei fonologiske prosessane som har gjeve oss den analyserte overflateforma.

### *3.3 Moraer og stavingar*

Problematiseringa til andreopponenten er på sin plass, og talar mykje for seg sjølv. At analysane mine byggjer mykje på introspeksjon og lite på andre informantar, er sjølvstapt ein veikskap, og det som eg har omtala som sunnmørsk i avhandlinga, må naturleg nok sjåast i lys av at den viktigaste informanten har vore eg sjølv. Forholdet mellom fonetisk implementasjon og fonologi kunne òg med fordel ha vorte teke opp på skikkeleg vis i avhandlinga.

Som andreopponenten skriv, vert skilnaden mellom stavingsbaserte og morabaserte system sedd på som dramatisk av Hayes (1995). Vektinsensitive språk har syllabiske føter (ibid.: 73), medan vektssensitive språk naturleg nok baserer seg på morastrukturar. Utan at eg skal driva eksege på Hayes, er det likevel slik at den same Hayes (1995: 49) ser ut til å velja stavinga som trykkberande eining uavhengig av kva rolle stavingar og moraer elles måtte spela i språket.

Det grunnleggjande spørsmålet som andreopponenten stiller, er om det berre er språk med eit visst metrisk system som kan ha moraer (eller stavingar) som toneberande eining. Spørsmålet er velgrunna, og eg skulle

vera bra overmodig om eg torde å svara eintydig på det. Nokre argument må eg likevel tillata meg å føra.

Om eit språk er vektsensitivt eller ikkje, har i analysane i faglitteraturen til no helst dreidd seg om korleis stavingsstrukturen verkar eller ikkje verkar inn på trykkplasseringa. Men om spørsmålet då er om språk med respektive vektsensitive og vektinsensitive prosessar må ha ulike TBU-ar, ville det ikkje umiddelbart overraska om dette ikkje var tilfellet, ettersom trykktilordning og toneassosiering er to ulike fenomen. Eg kan nemna i denne samanhengen at Kristoffersen (2000: 146) reknar søraustnorsk som vektsensitivt i prosessane for trykktildeling, og vil difor i tråd med Hayes (1995) bruka den moraiske trokeen som metrisk fot. Han reknar likevel med at det er stavinga som er toneberande eining i den aktuelle dialekten (ibid.: 141f). Sunnmørsk har truleg dei same trykktildelingsmekanismane i usamansette ord som den typen søraustnorsk som Kristoffersen analyserer, i alle fall landar primærtrykket på den same stavinga i orda i begge dialektane,<sup>1</sup> men toneassosieringa ser ut til å oppføra seg grunnleggjande annleis.

Andreopponenten viser til visse metriske krav (morasonoritet) som må oppfyllest for å få visse tonale fenomen i latvisk og ein parallell i dansk. Desse fenomen i latvisk og dansk har å gjera med kva ei staving med primærtrykk kan tillata seg, t.d. kan ikkje latviske trykkstavingar skilja mellom dei tre tonelaga dersom mora nr. 2 er ein ikkje-sonorant. Her vil eg peika på at det finst fleire tonar i språket enn dei som er lisensierte av trykkstavingar, og eg finn det difor noko problematisk å bruka dette som grunnlag for å postulera eit éin til éin-forhold mellom metrikk og type av TBU: Jamvel om ein L-tone ikkje får plass i ei latvisk trykkstaving som har ikkje-sonor andremora, så finst det andre stavingar (med identisk morastruktur) der L gjerne kan stå.

Samstundes ville det vera venta at dersom det likevel var eit slikt samband mellom vektsensitivitet og TBU, så måtte det vera at eit språk med syllabisk basert metrikk skulle basera seg nettopp på stavingane i desse andre delane av fonologien òg, utan å sjå moraene. Dette kunne ført med seg at språk med stavinga som TBU, t.d. søraustnorsk og bergensk, skulle vera vekt-insensitive, noko dei visseleg ikkje er.

Andreopponenten nemner altså latvisk som eit språk der mora er TBU, og der visse (men ikkje alle!) tonale eigenskapar er avhengige av sonoriteten på moraene. Det kan òg nemnast i den samanhengen at latvisk, trass i moraisk TBU, ikkje har vektsensitiv trykkplassering, men

får primærtrykket konsekvent på første stavinga i ordet (med nokre få, leksikalske unntak som historisk sett har vore to ord, t.d. *lab'dien* 'god dag' og *lab'vakar* 'god kveld', som har trykket på den første stavinga i det som var det andre ordet, jf. *labs* 'god', *diena* 'dag', *vakars* 'kveld').

Likevel skulle det heller ikkje overraska om det faktisk finst eit samband mellom TBU og den rolla som dei ulike metriske einingane spelar. Å assosiera tonar til anten stavinga eller moraen er å assosiera tonane til ei metrisk eining. Å velja moraen som TBU er i seg sjølv å skapa eit samband mellom tonar og eit metrisk element, altså å tilleggja ei metrisk eining ei gjeven rolle. Om moraen slik får eit tonalt oppdrag, er moraen framleis eit metrisk element.

Frå sunnmørsk veit me likevel at like etter ein IP-dominert H til høgre i venstre IP, der tonelag 2 (LHL) til venstre i høgre IP like etter ikkje har nokon innleiande L-tone, men får HHL i staden, der vil kontrasten mellom tonelag 1 og tonelag 2 liggja i om fallet ned frå H til L kjem inne i trykkstavinga (tonelag 1, HL) eller tidlegast på grensa mellom trykkstavinga og den neste stavinga (tonelag 2, HH.L); jf. kap. 4 i avhandlinga med døma (4.1.6) og (4.2.1). Denne skilnaden i plasseringa av den finale L-tonen (grensetone for aksentfrasen) er openbert av fonologisk karakter og kan ikkje relaterast til noko anna domene enn nettopp mora: Stavinga vert eit for stort domene til å kunna fanga opp denne systematikken.

#### 4 Sluttkommentar

Opponentane har gjort eit arbeid som det står respekt av, og eg er takksam for at nettopp dei to sa seg viljuge til å vera opponentar. Eg vil likevel nytta høvet til å peika på ein veikskap i avhandlinga som ingen av opponentane har nemnt:

Det manglar nemleg ei skikkeleg drøfting av forholdet mellom dei tonale domena og metriske konstituentar. Emnet er nemnt i forbifarten nokre få stader, m.a. (og mest samanhengande) i kap. 6, men utan ei skikkeleg drøfting verkar fleire av føringane mine sirkulære: Tonar vert lina opp med domenegrensar som eg definerer tonalt, t.d. s. 130: ALIGN (T], AP, Rt), der ein grensetone T] vert lina opp med høgrekanten til aksentfrasen AP. Samstundes er høgrekanten til AP definert s. 24 ved at han er sluttpunktet for T].

No er det likevel nemnt i underkapittel 2.2 at det tonale hierarkiet gjenspeglar reelle tonegenererande strukturar, og i kap. 6 (s. 217) er det

presisert at det tonale hierarkiet har metriske konstituentar i botnen. Ei skikkeleg drøfting ville likevel ha vore på sin plass, for å unngå slikt som liknar på sirkularitet i analysane.

I dette høvet vil eg difor òg oppsummera det som eg kjem inn på i sluttkapittelet i avhandlinga: Det er ikkje noko éin til éin-forhold mellom det *metriske* prosodiske hierarkiet og dei hierarkisk ordna *tonale* konstituentane; t.d. kan eit (metrisk) prosodisk ord gå på tvers av grensa for ein (tonal) aksentfrase, trass i at aksentfrasen er eit større domene enn ordet. Likevel er det eit tett samband mellom det metriske og det tonale, tettare enn mesteparten av avhandlinga har teke høgd for.

Dette har ikkje minst vore tydeleg i opposisjonen frå Tomas Riad. Dei meir overordna drøftingane til førsteopponent Gösta Bruce har kasta noko meir lys særleg over veikskapane i metodane eg har brukt.

### Noter

1. Eg har i dei metriske referanserammene mine valt å tillata tradisjonelle, "ujamne", føter (sjå t.d. Repetti 2000) framfor Hayes' reint moraiske trokear, jf. utbroderinga av dette i Abrahamsen (2005b), om enn framleis med ein del fagteoretiske barnesjukdommar frå mi side. Dette fotvalet har likevel ikkje konsekvensar for kjernepunktet her, nemleg at sunnmørsk er vektsensitivt.

### Litteratur

- Abrahamsen, Jardar Eggesbø. 2005: Trykkplasseringa ved etterlekks-trykk: nokre observasjonar. Lie, Svein, Gudlaug Nedreliid & Helge Omdal (red.). *MONS 10. Utvalde artiklar frå det tiande Møte om norsk språk i Kristiansand 2003*. Kristiansand: Høyskoleforlaget, 57–70.
- Abrahamsen, Jardar Eggesbø. 2006: Focus in the Herøy dialect. Bruce, Gösta & Merle Horne (red.): *Nordic Prosody IX*. Frankfurt am Main: Peter Lang, 9–18.
- Bruce, Gösta. 1998: *Allmän och svensk prosodi*. Lund: Institutionen för lingvistik, Lunds universitet.
- Frid, Johan. 2001: Swedish word stress in optimality theory. *Working Papers* 48. Lund: Lund University, Dept. of Linguistics, 25–41.
- Goldsmith, John A. 1990: *Autosegmental & Metrical Phonology*. Oxford – Cambridge: Basil Blackwell.
- Hayes, Bruce. 1995: *Metrical Stress Theory. Principles and Case Studies*.

- Chicago, London: The University of Chicago Press.
- Kristoffersen, Gjert. 1992: Tonelag i sammensatte ord i østnorsk. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 39–65.
- Kristoffersen, Gjert. 2000: *The Phonology of Norwegian*. Oxford: Oxford University Press.
- Ladd, D. Robert. 1998: *Intonational Phonology*. Cambridge – New York – Melbourne: Cambridge University Press.
- Lorentz, Ove. 1995: Tonal Prominence and Alignment. *Phonology at Santa Cruz* 4, 39–56.
- Molde, Ann-Kristin. 2005: *Innføringen av tjukk l og retrofleksjer i østlandsk – en empirisk avklaring og optimalitetsteoretisk analyse*. Hovedfagsoppgåve. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Nilsen, Randi Alice. 1992: *Intonasjon i interaksjon – sentrale spørsmål i norsk intonologi*. Dr.art.-avhandling. Lingvistisk institutt, Universitetet i Trondheim.
- Repetti, Lori. 2000: Uneven or Moraic Trochees? Evidence from Emilian and Romagnol Dialects. Repetti, Lori (red.): *Phonological Theory and the Dialects of Italy*. Amsterdam, Philadelphia: John Benjamins Publishing Company, 273–288.
- Roca, Iggy. 1994: *Generative Phonology*. London – New York: Routledge.
- Selkirk, Elisabeth O. 1990: On the Nature of Prosodic Constituency. Kingston, John & Mary E. Beckman (red.): *Papers in Laboratory Phonology, vol. I*. Cambridge: Cambridge University Press, 179–200.

*Jardar Eggesbø Abrahamsen*

Institutt for språk- og kommunikasjonsstudium  
Universitetssenteret på Dragvoll  
NO-7491 Trondheim  
[jardar@nvg.ntnu.no](mailto:jardar@nvg.ntnu.no)

[Mottatt 6. september 2005]